



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Møteinkalling

Utval: **Nærøyfjorden verneområdestyre**

Møtestad: Stalheim

Dato: 24.06.2024

Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærrare beskjed.

Program:

Måndag 24.06.

09.00 Jorunn hentar Marianne, Martha, Samson og Anbjørg ved bensinstasjonen i Gudvangen og køyrer til Aurland.

09:50 Avreise med The fjords frå Aurland - Kjell, Audun og Magnhild møter på kaia her.

10.50 Ankomst Styvi – synfaring og lunsj – vi tek med påsmurt frå Marianne, ta med eiga drikke!

Ca 13:00 Båtskyss frå Styvi til Dyrdal. Synfaring i Dyrdal.

16:15 – The Fjords frå Dyrdal til Gudvangen

17:00 – Ankomst Gudvangen – dei som har bil i Gudvangen køyrer alle til Stalheim hotell

17:30 – Styremøte

Ca 19:30 – Middagsbuffet på Stalheim hotell

Overnatting på Stalheim hotell

25.06.

08:00 Frukost

09:00 Synfaring til Nåli

11:00 Omvisning på Stalheim museum

12:30 Lunsj

Bilskyss til Aurland for dei som treng det

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|----------------------------|--|---------------|--------------------------|
| ST 25/24 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 26/24 | Val av styremedlem til å skrive under protokollen | | |
| ST 27/24 | Orienteringar og referatsaker | | |
| RS 11/24 | Rapport - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo til Hjølmo - motorferdsel vinterføre | 2023/3038 | |
| RS 12/24 | Endring arbeidsfrist - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - tiltak på gamle Bakkavegen - Aurland kommune | 2023/17902 | |
| RS 13/24 | Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassetstølen - helikoptertransport av materiale | 2021/2525 | |
| RS 14/24 | Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel - 67/2 - 67/9 - Arild Dyrdal | 2023/15444 | |
| ST 28/24 | Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stokko - bålpllass - Nærøyfjorden verdsarvpark | 2024/9218 | |
| ST 29/24 | Nærøyfjorden landskapsvernområde - etablering av fanggjerde og omlegging av høgspentlinje - E16 Kjerrskredene - Statens vegvesen | 2024/8062 | |
| ST 30/24 | Nærøyfjorden landskapsvernområde - Undredal - flåte ved naust | 2024/6666 | |

ST 25/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 26/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

ST 27/24 Orienteringar og referatsaker

RS 11/24 Rapport - Nærøyfjorden landskapsvernombudet - Drægo til Hjølmo - motorferdsel vinterføre

RS 12/24 Endring arbeidsfrist - delegert vedtak - Nærøyfjorden

landskapsvernombudet - tiltak på gamle Bakkavegen - Aurland kommune

RS 13/24 Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernombudet - Vassetstølen - helikoptertransport av materiale

RS 14/24 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombudet - Hjølmo - motorferdsel - 67/2 - 67/9 - Arild Dyrdal



Arkivsaksnr: 2024/9218-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 18.06.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------|-----------|------------|
| Nærøyfjorden verneområdestyre | 28/24 | 24.06.2024 |

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Stokko - bålpllass - Nærøyfjorden verdsarvpark

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Nærøyfjorden verdsarvpark løyve til å behalde bålplassen som er etablert på Stokko.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldslova § 48 fyste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med følgjande vilkår:

- Bålplassen skal haldast enkel og nøktern, beståande av ein liten bålring av stein med enkle trebenkar rundt. Storleik om lag 2x2 m.
- Bålplassen skal kunne nyttast av ålmenta i tillegg til kommersielle aktørar med avtale.
- Bålplassen skal vere plassert som vist på kart og bilde i saka.
- Bålplassen skal haldast i god stand, og området rundt haldast ryddig.
- Bålplassen skal fjernast dersom den ikkje lenger er i bruk.
- Dersom bålplassen fører til stor skade på naturen i området, kan verneområdestyret kreve at bålplassen blir fjerna.

Saksopplysningar

Etter som talet besökande langs fjordane går opp, aukar og utfordringa med spor som ligg igjen etter folk som rastar og teltar. For å hindre at friluftslivet skapar problem for landbruksdrift, kulturlandskap og viktige verneverdiar, har verneområdestyret vedteke eigne retningslinjer for ilandstigningsplassar langs fjordane. I tillegg til at forvaltninga har etablert nokon faste bålplassar for allmenta, har grunneigarar fått opplyst at dei må søke om dispensasjon dersom dei ønsker eigne bålplassar.

Det har i mange år vore ein bålplass på Stokko. Denne er etablert etter avtale med grunneigar og blir brukt både av turoperatørar og privatpersonar som campar på Stokko. Årsaka til at det er Nærøyfjorden Verdsarvpark som sender inn søknad, og ikkje grunneigar,




Nærøyfjorden verneområdestyre

er fordi Nærøyfjorden Verdsarvpark inngjekk ein skriftleg leigeavtale med to grunneigarar i 2018 for å sikre eit avgrensa og velstelt camp-område for padlarar. Verdsarvparken opplyser at dette har vore ei god ordning og at dei som campar held seg innafor avgrensa område i større grad enn tidlegare, og nyttar seg av den etablerte bållassen.



Figur 1. Campen på Stokko. Området avgrensa med staur og tau. Bållassen skimtar ein i bakkant av den nærmaste løa på biletet.





Figur 2. Kart som viser plassering av bållassen.

Dokument i saka

- Søknad om tilrettelegging av ilandstigningsplass på Stokko, motteke 25.05.2024

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 2008
- Besøksstrategi – Verneområde i Nærøyfjordområdet, rapport nr 1, 2020
- Retningslinjer for tilrettelegging på ilandstigningsplassar langs fjorden, vår ref. 2024/2341

Verneforskrift og verneformål

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter, til dømes oppføring av faste innretningar. Ein fast bålpass med bålring og benkar, som ikkje blir rydda vekk mellom kvar gong den er i bruk, er å rekne som ein fast innretning.

Oppføring av bålpass og benkar er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må derfor vurderast etter naturmangfaldlova § 48, første ledd, første alternativ; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Stokko er eit verdifullt kulturlandskap som det er viktig å ta vare på. Samtidig er det ein populær ilandstigningsplass for folk som ferdast på fjorden. Det er eit av få område langs Aurlandsfjorden som eignar seg til å gå i land og telte og raste, og både private og kommersielle aktørar nyttar området. Området er i dag tilrettelagt for telting og rasting ved at eit område mellom dei to uteløene er skilt ut og avgrensa til bruk for folk som er på tur. Dette er gjort for å skjerme resten av den viktige slåttemarka, slik at folk ikkje spreiar seg utover



heile området. Allereie i skjøtselsplanen for området som var skrevet i 2006, vart det foreslått å sette av dette området til teltplass, og å opprette fast bålpass. «Det er trong for ein fast bålpass for å unngå at det vert laga provisoriske bålpassar på fleire plassar. Ein, evt. to fast oppmura (utan sement) bålpass(ar) bør etablerast på stranda under føreslegne teltplass.» Dette er dermed eit tiltak som er forankra i skjøtselsplanen for området.

Kunnskapen om området er god, jf. nml § 8. I 2019 vart det gjennomført naturtyperegistreringar langs fjorden frå Undredal til Stokko. Området med bålpassen det blir søkt om er ein del av «Stokko Sør», ei slåttemark som fekk verdien C - lokalt viktig. I rapporten står det mellom anna følgande om slåttemarka:

Hele lokaliteten består av åpen eng, som både har vært fulldyrket og gjødslet med husdyrgjødsel. Plantesamfunnet er sammensatt av nesten bare konkurransedyktige og gjødselfavoriserte arter. Typiske habitatsspesialister for seminaturalig mark forkommer bare i utkanter og i flekker med grunt jordsmønster ved røyser. Enga er lite artsrik..., Imidlertid ble det observert flygende eksemplarer av stor bloddråpesvermer, som har rødlistestatus som sterkt trua (EN). At enga er habitat for en sterkt truet, kulturlandskapstilknyttet art har i dette tilfellet vært avgjørende for at lokaliteten er vurdert å falle innenfor kriteriene for registrering som verdifull naturtype.

Under «Skjøtsel og hensyn» i den same rapporten skriv dei:

Tradisjonelt utført slåttehevd uten gjødsling vil være den beste måten å ta vare på stedets naturkvaliteter. Tradisjonell hevd vil si årlig slått, der alt slåttemateriale rakes av og fjernes fra stedet. Det er viktig at lokaliteten ikke gjødsles. Den delen av enga (litt mindre enn 1 daa) som brukes som teltplass kan fortsatt slås tidlig, men i det øvrige arealet bør slåttetidspunktet helst tilpasses av hensyn til stor bloddråpesvermer.

Sjølv om bålpassen ligg innanfor ein verdifull naturtype er det fleire gongar gjort vurderingar som tilseier at det er riktig å ha ein bålpass her. Ved å avgrense området slik det er gjort, skjermar ein resten av området og dei endå meir verdifulle slåttemarkene langs fjorden mellom Undredal og Stokko. Fleire raudlista sommarfuglar brukar området, men så lenge resten av området blir skjøtta på ein god måte, blir det vurdert at belastninga med bålpassen ikkje vil skade sommarfugl-populasjonane. Føre-var prinsippet (nml § 9) er difor ikkje tillagt vekt i denne saka.

Sjølv om det er både private og kommersielle aktørar som brukar området, synes det til no å ha fungert bra med berre ein tilrettelagd bålpass her. Bålpassen oppfyller mange av momenta som skal vurderast etter dei nye retningslinjene: Den har tilgang til do, det er ein naturleg plass å gå i land, bålpassen bidreg til å konsentrere ferdelsen og avlaste meir verdifulle område, og bruken er vurdert til ikkje å true viktige naturverdiar. Så lenge størrelsen på bålpassen blir holdt nede er den heller ikkje veldig dominerande i kulturlandskapet, sjølv om den er godt synleg frå fjorden. Det er hovudsakleg Stokko og Fronnes som blir brukt som rasteplassar langs Aurlandsfjorden, og vi forventar ikkje å få mange fleire søknadar om bålpass i området. Totalt sett vurderer forvaltar at den samla belastninga på området er akseptabel, jf. nml §10. Tiltaket blir vurdert å vere miljøforsvarleg jf nml. §12. Dersom forvaltninga på eit seinare tidspunkt vurderer at bålpassen fører til for



Nærøyfjorden verneområdestyre

stor slitasje på naturen i området, må tiltakshavar ta kostnadane vmd å fjerne installasjonen igjen, jf. nml. § 11.

Samla sett er tiltaket vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet, og ikkje føre til nemneverdig skade på verneverdiane, og det kan dermed gjevast løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.



Arkivsaksnr: 2024/8062-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 18.06.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------|-----------|------------|
| Nærøyfjorden verneområdestyre | 29/24 | 24.06.2024 |

Nærøyfjorden landskapsvernombord - etablering av fanggjerde og omlegging av høgspentlinje - E16 Kjerrskredene - Statens vegvesen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen dispensasjon til etablering av fanggjerde ovanfor E16 ved Kjerrskredene i Nærøyfjorden landskapsvernombord. Det vert gitt løyve til å ta ned høgspentlinja i same område. Høgspentlinja skal leggjast på nedsida av E16 og utanfor landskapsvernombordet.


Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldslova § 48 første ledd og andre alternativ.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Det kan setjast opp fanggjerde på strekninga vist på kartet i vedtaket, fig. 1.
Fanggjerdet er om lag 1150 meter langt, og med ein høgde på 6 meter.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 1 Oversiktskart, plassering av fanggjerde. Kopi fra Statens vegvesen

- Tiltaka skal avgrensast til det som er strengt naudsynt som sikringstiltak.
- Anleggsperioden er 2024 og 2025.
- Høgspentlinja og mastene skal fjernast fra området straks dei er demonterte. Eventuelle fundament for mastene skal fjernast, og det skal ikke vera synlege mastepunkt att i terrenget etter mastene er fjerna.
- Det kan nyttast gravemaskin i terrenget for å fjerna 4 mastepunkt. Køyring til kvart mastepunkt skal vera frå E16 og opp til kvart mastepunkt. Det skal ikke køyrast i terrenget mellom mastepunkta. Før det vert kört med maskiner i terrenget, skal desse reingjerast for å unngå spreiling av nye og framande artar. Løyvet gjeld for åra 2024 og 2025.
- Lastebil med kran/boretårn kan stå i vegkant i terrenget ved etablering av fanggjerde
- Det kan nyttast helikopter i samband med transport og montering av master og fanggjerde.
- Dersom det ikke er mogleg å nyta drone til synfaring av fjellpartiet ovanfor E16 ved Kjerrskredene, vert det gitt løyve til lågtflyging med helikopter til synfaringa.
- Løyve til landing og lågtflyging med helikopter gjeld for inntil 5 tilflygingar i 2024 og 2025.
- Terrenget skal tilbakeførast slik at det ser mest mogleg urørt ut straks mastene frå høgspentlinja er fjerna, og fanggjerdet er ferdig etablert. Området skal ryddast for materialrestar straks arbeidet er sluttført.



- Arbeidet skal vera avslutta innan 31.12.2025. Verneområdeforvaltar skal vera med på sluttsynfaring på arbeidet. Verneområdestyret kan, etter samråd med tiltakshavar, gje nye pålegg til opprydding etter tiltaket.

Saksopplysningar

- Søknad om etablering av fanggjerde og omlegging av høgspentlinje – E16 Kjerrskredene, Statens vegvesen, 24.05.2024
- Statens vegvesen – Fagressurs Drift og vedlikehold, Oppdragsrapport nr. C11855-SKRED-03, Skred – Vurdering av skredsikring ved Kjerrskredene
- Søknad – motorferdsel i verneområde, Statens vegvesen, 23.05.2024

Søknaden

Statens vegvesen, plan og utbygging vest 1 er i gang med prosjektering av eit ca. 1150 m langt fanggjerde ved E16 i Nærøydalen (Aurland kommune, Vestland fylke), plassering av fanggjerde kjem fram i geologisk rapport. Fanggjerde har ein høgde på 6 m og toler ein energimengde på opptil 5000 kJ. Fanggjerde blir montert så nært vegen som mogleg, men det må likevel være 10 m frå fanggjerdet nedste punkt til vegen for å ha tilstrekkeleg bremsesone, i nedste del mot Gudvangen blir fanggjerde montert ca. 30 - 40 m opp i terrenget, dvs på oversida av dagens beiteområde, då får ein også ivaretatt det.

Ved etablering av fanggjerde blir lastebil med kran/boretårn delvis i ståande køyrebane og delvis i terrenget.

Det kan også vera aktuelt med synfaring av heile fjellpartiet, synfaring skal i utgangspunktet utførast med drone, kan også vera aktuelt med helikopter ifbm montering av fanggjerde, dette blir i dei områda ein ikkje kjem til med kran.

Utfrå kartet så går verneområdet heilt ned til E16. Skredpunktet Kjerrskreden er stort og skred kan potensielt treffe vegbana over ein strekning på 1,1 km. Verneområdet går heilt ned til E16 så fanggjerde må monterast i verneområdet, elles vil da ikkje ha noko effekt.

Fanggjerde vil koma i konflikt med høgspent linje, her har me dialog med Sygnir om fjerning av linja, ny linje blir lagt i bakken på nedsida av E16, så den kjem ikkje i konflikt med verneområdet.

Høgspentlinje som må fjernast har 4 mastepunkt som er gravd ned, det er ikkje betongfundament desse står rett i bakken. Eit mastepunkt har stag i fjell. Desse blir demontert med gravemaskin og rydda etter. Mastepunkt vil ikkje vise igjen etter opprydding.

E16 er hovudfartsåra mellom aust og vest og har ein ÅDT på 2200 (2023), andel store køyretøy er 28%. sidan vegen leder til fleire av fjellovergangane mellom aust og vest er det ein mykje brukta ferdselsveg og stengt veg skapar utfordringar med omkjøring både lokalt og nasjonalt. Omkjøring ved stengt veg er ca. 4 t.

Eit slikt tiltak er også med å ta vare på trafikksikkerheita slik at alle kjem seg trygt fram.


Prosjektet har også søkt Aurland kommune om byggeløyve. Grunneigaravtale blir inngått med alle grunneigarane.

Det er usikkert på om ein får starte opp i år, grunnen er finansiering og restriksjonar i forhold årstid. Prosjektet må truleg gå over to sesongar.



Nærøyfjorden verneområdestyre

Figurane under er kopiar frå Oppdragsrapport nr. C11855-SKRED-03, Skred – Vurdering av skredssikring ved Kjerrskredene, vedlegg til søknaden.




Figur 1 - Oversiktskart over området. Svart firkant viser Kjerrskredene.



Figur 7 - Skredhendelse i 2016 hvor blokker på henholdsvis 100 m³ og 30 m³, i tillegg til flere mindre blokker på 1-10 m³ traff vegbanen. Foto: E. Eidsvåg, Sweco Norge AS.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Modellresultat fra simulasjon av steinsprang



Figur 11 - Modellresultat fra simulasjon av steinsprang fra løsneområdet i Kjerrskredene. Resultatet viser steinsprang med blokkstørrelse på 10 m³.



Bilde av fanggjerde ved E16 på Hylland. Foto Statens vegvesen



Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Miljødirektoratet, Veileder – M106-2014

Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beite landskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.*».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode, jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld t.d. «...oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar....sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse...» (jf. § 3 punkt 1.1. a)). Verneområdestyret kan gje løyve til utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka, og til ras- og flaumsikring av busetnad og innmark. Rassikring av E16 er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta.

Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*».

All motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode i verneområdet, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing, jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.1

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

E 16 gjennom Nærøydalen er ein av hovudfartsårene mellom aust og vest, og er eit nasjonalt viktig vegsamband. E16 er infrastruktur med stor samfunnsnytte. Fanggjerdet som det vert søkt om løyve til å sette opp, er planlagt oppført som eit tryggingstiltak for å hindre at steinar og steinskred kjem ned på E16 ved Kjerrskredene. Store deler av fanggjerdet er planlagt innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde. Dette området ligg i tillegg innanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Det er ikkje opning i verneforskrifta for å gje løyve til rassikring av vegar i verneområdet, med uttak for vegen til Bakka og Jordalen. Tiltaka langs E16 ved Kjerrskredene må difor vera svært viktig for at det kan gjevest dispensasjon til tiltaket, og ein dispensasjon må vurderast etter naturmangfaldslova § 48.



Forvaltninga kan gje løyve til sikringstiltak etter naturmangfaldslova § 48 andre alternativ. Rundskrivet om forvaltning av verneområde og myndighetsutøving omhandlar handsaming av dispensasjonar etter naturmangfaldslova § 48. I rundskrivet er det omtalt kva som er meint med tryggleiksomsyn. Det er mellom anna tryggleik for liv og helse, og tryggingstiltak skal vera av kvalifisert art. Med det meinast det at det ikkje er mogleg å ivareta tryggleiken ved tiltak utanom verneområdet, og at det ikkje er praktisk mogleg å ivareta tryggleiken med mindre tiltak. Desse vilkåra skal vera oppfylt for at det kan vurderast å gjevast dispensasjon til tiltaka.

Fanggjerdet ved E16 ved Kjerrskredene vil vera eit viktig sikringstiltak for å unngå at steinskred kjem ned på vegen, og med det hindra at eit viktig vegsamband mellom aust og vest vert stengt. Rapporten frå Statens vegvesen gjev god utgreiing om tiltaket og trongen for tiltaket. Då vernegrensa i dette området går tett inn på E16, er det ikkje mogleg å sette opp eit fanggjerde utanfor verneområdet. Fanggjerde er vurdert som naudsynt for å hindre at steinar kjem ned på vegbanen. Alternativ løysing vil vera å legge vegen i tunell. Dette er ikkje eit alternativ som er utgreidd, og vil ikkje vera eit tiltak som vil vera aktuelt som snarleg tiltak. I rapporten kjem det fram at har vore fleire hendingar med steinar i vegbana siste åra, og at det er stor fare for at det vil koma fleire steinar. Fanggjerde vil dempe faren for at steinane treffer vegen, og med det styrke tryggleiken på vegen. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at vilkåra er oppfylt for å vurdere tiltaket etter naturmangfaldslova § 48 alternativ to, tryggleiksomsyn. Når vilkåra for tryggleiksomsyn er oppfylt, kan det gjevast dispensasjon til eit tiltak, sjølv om tiltaket kan påverka verneverdiane.

Kunnskapen om området (jf. nml. § 8) er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet, oppdragsrapporten, og naturregistreringar (Naturbase 14.06.2024). Det er registrert rød stuvlav i ura under Kjerhamaren. Registreringa er frå 2005. Det er ikkje gjennomført nyare registreringar av naturtypar eller artar i dette området. Det kan difor ikkje utelukkast at det kan vera andre sårbare artar i tiltaksområdet. Forvaltar vurderer likevel at kunnskapen om området er bra nok for å handsama denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje vektlagt i saka.

Landskapet i Nærøyfjordområdet er prega av aktive geologiske prosessar med rasmarker og rasvifter. Naturlege skred og dei livsmiljø som dei skapar er viktige for landskap og artar, og er eit av føremåla med vern av Nærøyfjorden landskapsvernombanen. Dette er i tillegg ein av dei viktigaste kriteria for innskriving på UNESCO si verdsarvliste for naturområde. I forvaltningsplan for Nærøyfjorden er Nærøydalen trekt fram som eit godt døme på område med mange raskjegler som breier seg ut under gjel og skredfar. Med aukande trong for etablering av fanggjerde langs den rasutsette E16 gjennom Nærøydalen, vil den samla belastinga på landskapet og økosystemet verta påverka jf. nml. § 10. Både ved Hylland og i Gudvangen ved fylkesvegen, er det sett opp fanggjerde. Ved dispensasjon etter nml. § 48 andre alternativ (tryggleiksomsyn) kan det tillataast tiltak som kan gå ut over verneverdiar og verneføremålet. Det er tilrådd at fanggjerda som skal setjast opp, ikkje skal ha større dimensjonar enn det som er strengt naudsynt for å redusera påverknaden på landskapet.

Tiltaket vil lite truleg føre til skade på naturmangfaldet, og nml. § 11 er difor vurdert som ikkje relevant i denne saka.

I fylgje rapporten til Statens vegvesen, er det naudsynt å sette opp fanggjerde for å sikre vegen mot nye steinsprang og steinskred frå Kjerrskredene. Det er vurdert at det ikkje er



andre metodar å sikre vegen. Inngrepet skal avgrensast til det som er naudsynt for å feste fanggjerda. Det bør ikkje fellast meir skog enn naudsynt. Skogen vil vera med å skjerma tiltaket, og kan også skjerma vegen for mindre steinar. Høgspentlinja som går gjennom verneområdet skal demonterast og leggjast i bakken på nedsida av vegen, og utanfor verneområdet. Dette tiltaket vil vera positivt for landskapsbilete. Forvaltar vurderer tiltaket som bra tilpassa miljøet, jf. nml. § 12.

Transport av fanggjerde med helikopter vil ikkje føra til spor i terrenget, og er ein god miljømessig metode for dette tiltaket. Det vil vera kort flygetid inne i verneområdet. Så langt det er mogleg, bør det nyttast drone for synfaring av fjellpartiet, og ikkje helikopter. Det meste av arbeidet med etablering av fanggjerdet vil føregå frå vegen, og vil i liten grad føra til køyreskader i terrenget. Ved demontering av høgspentmastene må det køyrast med gravemaskin i terrenget. Før det vert køyrt med maskiner i terrenget, skal desse reingjeraast for å unngå spreiling av nye og framande artar. Dersom det vert køyrespor i terrenget, skal terrenget tilbakeførast til slik det var før skaden oppstod.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 8-12, verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48, rår forvaltar til at tiltaka med fanggjerde ved Kjerrskredene kan gjennomførast som planlagt.



Arkivsaksnr: 2024/6666-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 11.06.2024

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------|-----------|------------|
| Nærøyfjorden verneområdestyre | 30/24 | 24.06.2024 |

Nærøyfjorden landskapsvernombord - Undredal - flåte ved naust

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stig Arne Borlaug løyve til å ha ein arbeidsflåte anka opp framfor naustet på eigedom 51/115 innanfor Nærøyfjorden landskapsvernombord. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord, og naturmangfaldslova § 48 første ledd og første alternativ.


Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Storleiken på arbeidsflåten som er anka opp utanfor naustet skal ikkje aukast ut over dei måla den har i dag. Den har ei lengde på ca. 14 meter, og ei breidde på 2 meter. Eine enden av flåten har ei breidde på 7 meter.
- Arbeidsflåten skal fjernast frå verneområdet dersom den ikkje lenger er i bruk til vedlikehaldsarbeid på naustet.
- Nærøyfjorden verneområdestyre kan krevje at arbeidsflåten vert fjerna dersom den er til skade på verneverdiane eller verneføremålet.

Saksopplysningar

- Søknad om fast etablert flåte på eigedom 51/115 i Aurland kommune, Stein Ove Borlaug, 24.05.2024
- Varsel om pålegg om retting – Nærøyfjorden landskapsvernombord – Undredal – flåte ved naust, Nærøyfjorden verneområdestyre, 30.05.2024

Verneområdeforvaltar har observert at det over lengre har vore ein flåte anka opp ved naustet på eigedom 51/115 i Aurlandsfjorden ved Vetlegletasteinen (lokalt stadnamn). Verneområdeforvaltar og Statens naturoppsyn (SNO) har sett at flåten har vore plassert på same stad under synfaringar og oppsyn i området. Synfaringane til verneområdeforvaltar har vore i samband med skjøtsel på Stokko, og SNO har observert flåten på oppsynsturar på fjorden.



Figur 1 Kart med punkt for naust, og arbeidsflåten i verneområdet. Kopi frå fylkesatlas.

Ein flåte som ligg oppankra på fast plass over lengre tid, vert rekna som ein fast innretning og er eit søknadspliktig tiltak. Det er ikkje gitt dispensasjon til dette tiltaket, og tiltaket er vurdert å vera i strid med reglane i verneforskrifta. Nærøyfjorden verneområdestyre sende difor eit førehandsvarsel til tiltakshavar for å informere om at verneområdestyret vurderte å gje pålegg om å fjerna flåten som er ankra opp ved naustet. Det vart informert om at flåten ikkje kunne ligge fast oppankra ved naustet utan at det vart gjeve dispensasjon til tiltaket. Tiltakshavar fekk frist til 27.05.2024 for å koma med uttale til varselet. Tiltakshavar tok kontakt med forvaltar innan fristen, og sende søknad om tiltaket 30.05.2024.

Søknaden

Stein Ove Borlaug har sendt inn følgjande søknad om tiltaket:

Arbeidet med å bygge naustet vart starta i 1983. Også då var det flåte lagt der, men kan hende litt mindre enn denne. Då låg det og snekke og andre båtar der. Det har alltid vore flåte eller flytebrygge ved naustet som har vore brukt i arbeidet med å bygge naustet og seinare til å vedlikehalde det. Til å begynne med vart arbeidet utført med rein handmakt frå flåten.

Det har vore mange store skadar på naustet, murar og stranda opp gjennom åra. Stormane og skipa har gjort store øydeleggingar, og utan ein flåte har det vore umogeleg å komme til sida av naustet ut mot sjøen. Frakt av stein, sand og material



med flåten har gjort arbeidet mykje lettare. Den nye flåten som ligg der i dag, kan ha ei gravemaskin på. Då vert arbeidet mykje lettare. Større steinar kan handterast. Det er eit stort framskritt. Eigar har hatt mange ulike flåtar ved naustet før området kom på Unesco si verdsarvliste i 2005.


To flåtar gjekk med i stormen «Dagmar», og ein flåte som var ferdig restaurert brann opp på grunn av at turistar brukte eingangsgrill. Syner til bilda som verneområdeforvaltar har motteke.

Der naustet står er det veldig vêrhardt, og haust og vinterstormar har herja fælt. Også springflo har gjort sitt. Vedlikehald er ikkje noko ein gjer ein gong, og så er ein ferdig. Vedlikehald må gjerast heile tida, og det er nesten som ein kan seie at ein aldri vert ferdig.

Flåten som ligg der no kom på plass i juni i 2021. Eigar undersøkte andre mogelegheiter, t.d. å leige ein flåte som kan ta ei gravemaskin, men det hadde blitt altfor dyrt. Flåten er ein arbeidsflåte slik det går fram av biletta. Sidan denne flåten kan bere ei gravemaskin, så har det letta arbeidet utruleg mykje. Flåten kan ikkje takast opp på land, til det er den altfor stor og tung. Til å begynne med vart flåten lagt inntil naustet, men då samla det seg turistar oppå. Det var ikkje heldig. Difor vart flåten lagt der den ligg i dag. Med andre ord, så må flåten liggje der den ligg i dag, på eigedommen til Stein Ove Borlaug.

Før eigar skaffa seg flåten, så spurte eigar både tidlegare hamnesjef John Erik Johnsen, Aurland kommune ved teknisk og verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes om dette tiltaket var søknadspliktig. Han fekk til svar frå alle at dette ikkje var søknadspliktig. Seinast 14. mai i år snakka eigar med noverande hamnesjef Tor Mikkel Tokvam. Hamnesjefen sa at det ikkje var noko problem at flåten ligg der han ligg i dag, så lenge den ikkje ligg i vegen for skipsfarten.

Bilda under (mottatt frå Stein Ove Borlaug) viser arbeidsflåten ved naustet, og murane ved naustet.





Nærøyfjorden verneområdestyre





Nærøyfjorden verneområdestyre





Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.*».

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Det er forbod mot blant anna «anlegg og faste innretningar» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1 a). «*Forvaltninga avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak vil endre landskapets art eller karakter vesentleg eller på annan måte er i strid med føremålet med vernet*».

Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Etablering av flytebrygger og flåtar er ikkje omtalt i verneforskrifta. Det må difor vurderast om det er heimel til å gje dispensasjon til tiltaket etter naturmangfaldslova (nml.) § 48 fyste ledd og fyrste alternativ. Tiltaket det vert gitt dispensasjon til etter nml. § 48 skal ikkje gå ut over verneverdiane og verneføremålet. Begge vilkåra må vera oppfylt for at det kan vurderast dispensasjon etter denne paragrafen.

Naustet på gnr. 51/115 er sett opp ved Vetlagletasteinen ved Aurlandsfjorden. Dette området er utanfor vernegrensa for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Grensa for verneområdet går 5 meter ut frå land utanfor naustet. Arbeidsflåten som er ankra opp utanfor naustet går delvis inn i verneområdet. Det er ikkje kjente registreringar av sårbare artar eller naturtypar på fjorden der flåten er ankra opp (Naturbase 10.06.2024). Det har ikkje vore fullstendig kartlegging av området, og det kan difor ikkje utelukkast at det er andre sårbare artar i området. Kunnskapen om området er likevel vurdert som god nok for å vurdera denne saka jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. Tiltakshavar skriv at han har hatt ein flåte utanfor naustet i mange år, også før vernevedtaket



for Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Flåten som vart nytta tidlegare var mindre, og vart også tatt inn på land. På grunn av at denne flåten var mindre, hadde den heller ikkje fast oppankring i verneområdet. Forvaltar har svart på spørsmål om vedlikehaldsarbeid på naustet til Borlaug, og informert om at arbeid på bygningar utanfor verneområdet ikkje er søknadspliktige tiltak etter verneforskrifta. Forvaltar informerte også om at det ikkje var søknadspliktig å nytta ein arbeidsflåte i samband med vedlikehaldsarbeid. Når det er registrert at flåten har fast oppankring innanfor verneområdet, må det vurderast om dette tiltaket kan vera i strid med verneføremålet.

Naustet er bygd på ein plass der det er utsett for skade, og det vil vera stor trøng for vedlikehald. Me kjenner ikkje til andre stadar i verneområdet der det er like omfattande vedlikehaldsarbeid på naustmurar. Denne plassen er difor truleg eit unntakstilfelle der det vil vera trøng for å ha ein fast arbeidsflåte. Det meste av flåten ligg innanfor vernegrensa. Tiltaket gjev ikkje fysisk inngrep i landskapet utover å ligge fast på fjorden, og vil i liten grad ha negativ verknad på verneverdiane.

Presedensverknaden av tiltaket må vurderast. Ved etablering av fleire arbeidsflåtar langs land i Aurlandsfjorden eller Nærøyfjorden, vil det gje fleire tekniske inngrep, og samla sett kunne påverka landskapet sin art og karakter. Det er ikkje gitt løyve til fast etablering av flytekaier eller arbeidsflåtar i Nærøyfjorden landskapsvernombordet utanom område som er knytt opp mot busette områder. Arbeidsflåten ved naustet til Borlaug er i utkanten av busett område i Undredal, men det er kort avstand til Undredal der det er andre tiltak i strandsona. Forvaltar vurderer difor dette tiltaket til ikkje å gje uheldig presedens for etablering av nye tiltak utanfor busette område. Tiltaket er ikkje festa i land i verneområdet, og vil ikkje medføra inngrep i landskapet. Flåten kan fjernast utan å etterlata spor i landskapet. Forvaltar vurderer tiltaket som eit bagatellmessig tiltak som er reversibelt. Tiltakshavar bør vurdera om det er mogleg å stenge tilkomsten til arbeidsflåten for utedkomande, og finne ankringsplass for arbeidsflåten nærmere land. Det vil gjera flåten mindre synleg i fjordlandskapet.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

Forvaltar har forståing for at arbeidsflåten må ha ein viss storleik for å kunne arbeida trygt i samband med vedlikehald av murane på naustet. Det beste hadde vore om flåten kunne vore angra opp inn til naustet, og slik unngått å koma innanfor landskapsvernombordet. På grunn av at dette området er utsatt for vind og bølger, meiner tiltakshavar at flåten må ankrast opp slik at den ikkje vert knust mot land. For å få dette til, må flåten vera angra opp slik den ligg i dag. Aurland hamnevesen har uttalt til tiltakshavar at flåten kan ligge der så lenge den ikkje er i vegen for skipstrafikken. Forvaltar vurderer tiltaket som naudsynt for tiltakshavar, og at tiltaket er miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12. Det er ikkje vegtilkomst til naustet, og tilkomsten frå fjorden er avgjerande for å utføra vedlikehaldsarbeid på murane på bygget.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering meiner forvaltar arbeidsflåten ikkje vil ha negativ verknad på verneverdiane, og er ikkje i strid med verneføremålet. På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar at det er heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ til å gje løyve til fast etablering av arbeidsflåten innan for Nærøyfjorden landskapsvernombordet.